



Merketakarane klare ved lengdegroppa

Ikveld møtte det fram 6 til idrettsmerketaking på Heio og det må trass i alt kallast eit lovande tal med tanke på at vi er midt i ferien. Neste prøvetaking er til hausten. Det var berre 11 merketakarar i fjor. Det var ikkje så mykje å skryte av og det er all grunn til å håpa på eit høgare tal dette året. Men det er langt att til glansdagane då det vistnok var over 30 som tok idrettsmerket her i bygda.

Kvifor det har vore så stor svikt skal ikkje vi spekulere i, berre konstatere at å satse på idrettsmerket er ein veileigna stimulans til å motivera seg sjøl til trim. Dagens merketakarar var typisk nok ikkje så opptekne av resultatane dei oppnådde og åtvare mot offentlegheit rundt dei.
- Her konkurrer vi mest mot oss sjølve, sa den nye primus motor Kjersti R. Bråtun.

3 av prøvene vart unnagjort ikveld - det var 60 meter, lengde og liten ball. Også kule sto på programmet, men måtte utsetjast fordi dei ikkje kunne oppdrive ei kule! Den har nok kome til rette når hausten er her...

Merketakarane på biletet over er Sidsel Stigum, Aslaug Lyse, Jostein Saghaug, Kjersti R. Bråtun, Astrid Haugland og Steinar Kroka.

Fleire av veteranane har no takka for seg, men førebels er dei ikkje erstatta i nokon særleg grad. Men kanskje til hausten.....

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Kjersti på veg mot 1,79!